



Arkivnr: 2014/13889-7

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		17.02.2016

Trafikksikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet - søknader

Samandrag

Arbeidet «Trafikksikker kommune» er eit av dei viktigaste tiltaka i denne planperioden, jf Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland 2014-2017.

"For å styrke føresetnadene for eit godt og heilskapleg trafikksikringsarbeid i kommunane, har Trygg Trafikk utarbeida eit sett kriteria som kommunar må oppfylle for at dei skal kunne kalle seg «trafikksikker kommune». Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafikksikker kommune».

Det vert sett som eit mål for Handlingsplan for trafikksikring 2014-2017 at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikksikker kommune» i løpet av planperioden.»

I planperioden 2014-2017 er det sett av 1 mill kr. til «Trafikksikker kommune». I 2016 er budsjettposten på 300.000 kr.

Hausten 2014 sette Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafikksikker kommune prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal har delteke i dette pilotprosjektet. Vaksdal kommune vart godkjent som trafikksikker kommune i januar 2016, medan det er venta at dei to andre kommunane vil verte godkjente innan sommaren 2016. Når alle dei tre kommunane er godkjente, vil sjølve pilotprosjektet avsluttast, og arbeidet gå over i ein meir ordinær fase.

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) inviterte kommunane til å sende inn søknad innan 1. februar 2016 til å delta i arbeidet. Innan fristen kom det inn fem søknader.

Forslag til vedtak

1. Fylkestrafikksikringsutvalet ønskjer å inngå intensjonsavtale med Bømlo kommune om å verte trafikksikker kommune.
2. Fylkestrafikksikringsutvalet ønskjer å inngå intensjonsavtale med Sund kommune om å verte trafikksikker kommune.
3. Fylkestrafikksikringsutvalet ønskjer å inngå intensjonsavtale med Kvinnherad kommune om å verte trafikksikker kommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 2 Høyringsdokument TS-plan 2016-2020 02112015
- 3 politisk sak - trafikkssikker kommune
- 4 Søknad om å bli trafikkssikker kommune
- 5 Trafikkssikker kommune
- 6 Trafikkssikker kommune – nye kommunar inn i arbeidet i 2016
- 7 Trafikkssikker kommune - nye kommunar inn i arbeidet i 2016
- 8 Kommunedelplan Trafikkssikring 2015-2025
- 9 Søknad om å bli trafikkssikker kommune - Voss kommune
- 10 Trafikkssikker Kommune 2016 - søknad - Fjell kommune

Fylkesrådmannen, 08.01.2016

Bakgrunn

Arbeidet «Trafikkssikker kommune» er eit av dei viktigaste tiltaka i denne planperioden, jf Handlingsplan for trafikkssikring i Hordaland 2014-2017.

"For å styrke føresetnadene for eit godt og heilskapleg trafikkssikringsarbeid i kommunane, har Trygg Trafikk utarbeida eit sett kriteria som kommunar må oppfylle for at dei skal kunne kalle seg «trafikkssikker kommune». Hordaland fylkeskommune ønskjer å vere ein pådrivar for at kommunar i Hordaland vert sertifisert som «trafikkssikker kommune».

Det vert sett som eit mål for Handlingsplan for trafikkssikring 2014-2017 at minimum 10 kommunar vert sertifisert som «trafikkssikker kommune» i løpet av planperioden.»

I planperioden 2014-2017 er det sett av 1 mill kr. til «Trafikkssikker kommune». I 2016 er budsjettposten på 300.000 kr.

Hausten 2014 sette Fylkestrafikkssikringsutvalet (FTU) i gang eit pilotprosjekt for implementering av trafikkssikker kommune prosjektet i Hordaland. Kommunane Austrheim, Lindås og Vaksdal har delteke i dette pilotprosjektet. Vaksdal kommune vart godkjent som trafikkssikker kommune i januar 2016, medan det er venta at dei to andre kommunane vil verte godkjente innan sommaren 2016. Når alle dei tre kommunane er godkjente, vil sjølve pilotprosjektet avsluttast, og arbeidet gå over i ein meir ordinær fase.

Fylkestrafikkssikringsutvalet (FTU) inviterte kommunane til å sende inn søknad innan 1. februar 2016 til å delta i arbeidet. Innan fristen kom det inn fem søknader.

Kort om trafikkssikker kommune

Trafikkssikker kommune skal vere eit systembasert trafikkssikringsarbeid i kommunen. Målet er å godkjenne kommunar til å verte klassifisert som «trafikkssikker kommune». Godkjenninga varer i 3 år. For å kunne verte godkjent må ein kunne oppfylle eit sett kriteria som er omfattande og femnar breidt i alle ledd i organisasjonen. Kriteria byggjer på gjeldande lovar og forskrifter. Dette går på organisering av arbeidet, oppfølging og ansvarleggjerer innanfor dei ulike sektorane i kommunen, med rådmann og ordførar som øvste ansvarleg. Meir informasjon finn ein på Trygg Trafikk sine heimesider (<http://www.tryggtrafikk.no/tema/trafikkssikker-kommune/>).

Førebels erfaringar frå FTU sitt pilotprosjekt Trafikkssikker kommune

God forankring i leiinga er eit stor føremonn. Alle dei tre pilotkommunane hadde ei forankra i kommunestyret/formannskapet før intensjonsavtalen vart underskrive av ordføraren. Dette er ikkje eit krav, men det er sjølv sagt ønskeleg med ei brei forankring. Ser ein på erfaringa frå pilotprosjektet er det eit stort føremonn med god forankring både på administrativt og politisk nivå i kommunen.

Trafikkssikker kommune er som kjend eit arbeid som legg til grunn ei tverrsektoriell forankring, og der alle einingane skal kartleggast og planar skal etablerast. Erfaringane så langt, frå pilotprosjektet, er at prosessen går lettare der alle einingane er representert i den tverrfaglege gruppa. Og i særleg grad er eininga for oppvekst viktig, i og med at denne omfattar alle kommunale barnehagar og skular. Oppvekst bør med det koplast særleg tett på arbeidet. Leiaren av den tverrfaglege gruppa bør kjenne godt til organisasjonen, og vere koplata tett til den kommunale leiinga. Ofte har ein folkehelsekoordinator ein slik posisjon.

Ei av erfaringane frå pilotprosjektet er at arbeidet med å følgje opp kommunane krev noko ressursar både frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune. Avhengig av storleiken og noverande status på

trafikksikringsarbeidet hjå kommunane ligg det ei viss avgrensing i kor mange kommunar som kan følgjast opp om gongen.

For kommunane sin del så krev arbeidet at det vert sett av nok tid og ressursar, både hjå den som leiar arbeidet (prosjektleiaren) og dei ulike einingsleiarene. Kartleggingsarbeidet kan i nokon grad vere ganske omfattande, og det er krevjande å skulle rettleie og følgje opp dei ulike einingane. I sluttfasen, før godkjenninga, er det eit større arbeid å kvalitetssjekke dokumentasjonen frå dei ulike einingane, og samle alt i ein sluttdokumentasjon til oversending.

Det er svært avgrensa kva midlar kommunen treng inn i arbeidet for å kunne oppfylle kriteria for å verte trafikksikker kommune, ettersom arbeidet er av organisatorisk art.

Trafikksikker kommune har eit fokus på det organisatoriske og haldningsskapande trafikksikringsarbeidet. Det er difor eit mål at dette går tydeleg fram i den kommunale trafikksikringsplanen. Nokre kommunar har allereie «Trafikksikker kommune» som eit av sine satsingsområde i den kommunale trafikksikringsplanen, og har med det eit forankra ønskje om å starte opp arbeidet med bistand frå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune.

Om søknadskommunane

Bømlo kommune

Bømlo kommune har forankra målet om å verte godkjent som trafikksikker kommune i sin folkehelsestrategi av 2015. I samband med rulleringa av trafiktryggleiksplanen til kommunen har konseptet trafikksikker kommune fått ein vesentleg plass. Kommunen synes å ha god kjennskap til trafikksikker kommune, og kva dette arbeidet inneber. Kommunen har ein eigen folkehelsekoordinator.

Fjell kommune

Fjell kommune har forankra søknaden om å ta del i arbeidet med trafikksikker kommune i kommunen si leiing. Trafikksikringsplanen i kommunen er under rullering, og kommunen skriv at dei vurderer å innføre trafikksikker kommune som eige punkt i planen. Kommunen har ein eigen folkehelsekoordinator.

Kvinnherad kommune

Kvinnherad kommune har handsama sak om å ta del i trafikksikker kommune arbeidet på sitt kommunestyremøte i desember 2015. Kommunen har i gjeldande trafiktryggleiksplan ikkje trafikksikker kommune som ein del av sin plan. Samstundes så trekkjer kommunen på ein god måte opp utfordringane innanfor trafikksikring i sin kommunale folkehelseoversikt. Kommunen har ein eigen folkehelsekoordinator som kan ta del i arbeidet.

Sund kommune

Sund kommune kjem i sin søknad med ein klår omtale av korleis arbeidet skal organiserast både når det gjeld politisk forankring og arbeidsgruppa si samansetjing. Forslaget til arbeidsgruppe følgjer same lest som Vaksdal kommune gjort i sitt arbeid fram mot å verte godkjent som trafikksikker kommune. I tidlegare prosjekt har kommunen jobba godt tverrsektorielt, mellom anna har fylkeskommunen gode erfaringar frå då fleire skular var med i eit folkehelse- og nærmiljøprosjektet. I søknaden går det fram at kommunen sin folkehelsekoordinator vil ta del i arbeidet.

Voss kommune

Kommunen legg i sin søknad vekt på kva som er av trafikksikringsarbeid i kommunen, og skisserer nokre område der det er trong for tiltak. Trafikksikringsplanen i kommunen er under rullering. Kommunen har ein eigen folkehelsekoordinator.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen ser det som positivt at fem kommunar har sendt inn søknad om å delta i arbeidet. Ut frå det kommunane skisserer i søknadane så er det noko variasjon i kor god kjennskap kommunane har til det strukturelle og organisatoriske arbeidet som ligg i trafikksikker kommune.

Med grunnlag i dei erfaringane som er gjort i pilotprosjektet så krev det tid og ressursar å følgje opp kommunane som arbeider fram mot å verte godkjent som trafikksikker kommune. Ut frå dette er det difor tilrådeleg å avgrense talet på kommunar som kan vere ein del av Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune si særlege oppfølging med målsetnad om godkjenning innan det kommande året.

Dette er likevel ikkje til hinder for at kommunane på eigen kjølv kan starte opp arbeidet, og då i fyrste omgang den noko omfattande kartlegginga av dei ulike einingane i kommunen. Dette er uansett eit arbeid som kommunen sjølv skal gjere i løpet av prosessen. Slik sett så vil dei stille sterkare neste gong fylkeskommunen inviterer fleire kommunar med i arbeidet.

I fylkesrådmannen si vurdering av søknadane har ein lagt vekt på god forankring og den tverrfaglege organiseringa rundt det kommande arbeidet. Dette har vore dei to suksesskriteria for pilotprosjektet så langt. Kommunen sin storleik (innbyggjartal) og geografiske plassering i Hordaland har også vore medverkande faktorar. Pilotkommunane har sitt sete nord og aust for Bergen, og det er difor naturleg å sjå til kommunar i andre regionar. Ut frå det arbeidet som krevs hjå Trygg Trafikk og Hordaland fylkeskommune er det ikkje tilrådeleg å ta med eit stort tal kommunar i denne omgang, og heller ikkje berre kommunar med eit høgt innbyggjartal, jf tal barnehagar og skular. Med dette som bakgrunn tilrår fylkesrådmannen at fylkeskommunen og Trygg Trafikk inngår intensjonsavtale med tre kommunar.

Ut frå dette vurderer fylkesrådmannen det slik at Bømlo kommune er ein klår kandidat til å delta. Bømlo kommune har forankra arbeidet bra, viser ei god organisering av arbeidet, jf trafikksikringsplanen, og har i prosessen fram til søknaden var sendt hatt ein svært god kontinuitet i arbeidet. Vidare er det fylkesrådmannen si meining at Sund kommune bør verte ein del av arbeidet. Kommunen viser i sin søknad tydeleg korleis arbeidet skal organiserast og gjennomførast, kommunen ligg i region Vest og er ein relativt liten kommune i innbyggjartal. Kvinnherad kommune er den tredje kommunen fylkesrådmannen rår til bør verte ein del av arbeidet. Kommunen har ei god forankring i kommunestyret, og har i tidlegare arbeid vist god tverrfagleg forankring. Kommunen ligg Sunnhordland, og er ein mellomstor kommune i Hordalandsmålestokk.

Fylkesrådmannen vil halde Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) orientert om arbeidet, og dersom det er grunnlag for det vil det vurderast å invitere inn fleire kommunar i haust.